

Referat frå møte i Lykling sokneråd

Tysdag 29.05.2018 kl.18.00

Møtestad: Lykling kyrkje

Til stades: Roald Drønen, Torunn Tveita, Sissel S. Gåsland, Roald Stautland, Leif Steinar Sakseide, Elisabeth Bjørnevik, Margunn Ersland, Hildegunn Sortland Våge og Alfild Hestenes

Sak 22-18: Godkjenning av referat og innkalling

- Godkjent

Sak 23-18: Meldingar og skriv

Nye meldingar frå kyrkjeverje:

- Ny sak 27-18: Investerings- og vedlikehaldsønskje. Ymse vert då sak 28-18.
- Førstehjelp og brannøving. Kurs på Bømlo 7.juni kl 18.00. Dei av oss som kan, møter, og Hildegunn sender invitasjon til kyrkjevertane.
- Oppmoding frå prosten om å stilla på gudsteneste i Moster Amfi komande sundag 3.juni kl 11.00, og på seminar etterpå kl. 13.30 ved historikar Torgeir Landro i høve Moster 2024.

Sak 24-18: Friluftsgudstenesta i Helvik 17.06. Kva må ordnast?

- Leif Steinar - Tek kontakt med Sverre Leon om evt rydding torsdag El.laurdag, om lydanlegg og om evt. kormix vil delta
 - Får stolane på plass og vaskar over dei (laurdag)
 - Tek og med altarbord – bordet i dåpssakrestiet
 - Pianoet til Lydius spør Margrethe om lån (Ola kan evt. ta det med på sundag – gi då beskjed)
- Elisabeth - tek med dåpsfat og dåpsmugge + vatn på termos (dåpsvatn)
- Roald D. - ber Sissel F. Våge ta kontakt med turlaget, og evt. snakka med Kvinne- og familielaget om matservering(som i fjar)
 - NB!Annonse
- Margunn - Kvit duk, blomar og lys
- Kyrkjevertar: Leif Steinar og Margunn (evt. andre til hjelp)
- Rydding: - Me passar på at pianoet, sølvet og alt som skal i kyrkja kjem

tilbake etter gudstenesta. Stolane kan me evt. setja på tilhengar til mandag. Leif Steinar får dei på plass då.

Sak 25-18: Korleis gjer me det i Lykling med vikar for klokkar, kyrkjetenar, reinhaldar og teknikar? Har me nokon som kan spørjast?

- Klokkar: Sigrid Gunnarsjaa når ho er heime, Emma Løkling, Roald Stautland og Torunn Tveita.
- Kyrkjetenar: Den som er klokkar, kan ta det som høyrer gudstenesta til. Hildegunn Sortland Våge kan og spørjast.
- Reinhaldar: Her har me ikkje namn.
- Teknikar: Kathrine Bjørnevik.

Sak 26-18: Datoar for soknerådsmøta hausten 2018.

Sidan tysdag er ein vanskeleg dag for fleire i soknerådet, vil me prøva å leggja møta til onsdagar.

- Onsdag 22.08.
- Onsdag 26.09.
- Onsdag 31.10.
- Onsdag 28.11.

Sak 27 -18: Investeringss- og vedlikehaldsønskje.

- Urnelund med namn er under planlegging. Reparasjon/fornying av vassposten må skje ved opparbeiding av urnelunden.
- Fast dekke mellom to av felta (D og E?) er planlagt. Viktig å få gjort.
- Maling på servicebygget og ved inngangen på kyrkja.
- Større safe. Den me har har ikkje plass til alt kyrkjesølv.
- Ny PC. Svært treg og med gamle program den me har nå.

Sak 28-18: Ymse

- Sissel sjekkar med Trygve kven som betalar for dei fine dukane til småborda og døypefonten, fellesrådet eller soknerådet.

Konfirmantfesten:

- Me må passa på at me er nok folk til det praktiske i høve konfirmantfesten, både laurdag til tilordning og sundag til servering.
- Betasuppa frå «Opplev Bømlo» var ikkje OK. Store bitar poteter og grønsaker, som ikkje var godt nok kokte, og lite kjøt, mest pølse. Dette må dei få tilbakemelding på. Kanskje me skal prøva gryterett eit anna år?
- Litt lite brus og iskake. Betre med litt for mykje enn litt for lite.
- Det vert litt trøngt på bedehuset når det er så mykje folk. Bør me ha langbord? Kan og bør me finna større lokale når me vert meir enn 70-80?
- NB! Nå er det tid for å fornya songane.

- Det vert avskjedsfest for kantor etter gudstenesta i Bremnes 30.09.
Bremnes sokneråd, Lykling sokneråd og kantoriet har ansvar for festen.
- Ønskje om uformelle kveldar i kyrkja til hausten- t.d. vaffelkveld med Quiz.

Neste møte onsdag 22.august!

SAKSEID, 30.05. 2018

Margunn Ersland

- Sekretær -